



## ÅRSMELDING

### FRÅ HOVUDSTYRET 2023

Omsetnaden i 2023 auka frå 1.142 mill til heile 2.368 mill (Ikkje reviderte tal pr i dag)

Samla gjekk laget med eit overskot på kr 542.321

Det er verdt å nemna at Fotball for Ukraina (veterancupen) gav nesten kr 500.000, slik at sponsorposten er spesielt høg i år, og vil ikkje fortsette slik.

Dette vart eit unntaksår på sponsorsida.

Laget har fått straumstøtte etter søknad til Lotteritilsynet. Dette fell vekk i 2024, med ekstra låg kommunal straumpris.

***Laget har innfridd alle lån og er gjeldfri. Alle spelemidlar er utbetalte.***

Grunna godt utkomme etter oppattbygging etter brannen og gode sponsoravtaler, gjer at hovudstyret har sett av kr 2,5 mill på høgrentekonto i Sogn sparebank.

Hovudstyret har ansvar for å betale for fellesutgifter som:

Straum for to bygg og lysløype på Borgund, forsikringar bygg og innbu, kommunale avgifter, halleige, reknskapsføring, reinhold og overføring til gruppene.

*Samla årlege utgifter for desse felleskostnadane er ca kr 560.000*

*Utan gode sponsoravtaler er det ikkje mulig å oppeholde så gode overføringar til gruppene.*

**Difor er det avgjerande at gruppene skaffar seg egne inntekter, for å halde oppe eigen aktivitet.**

#### **Forsikringar**

LIL eig Servicebygget og halve nye klubbhuset som har fullverdig byggforsikring.

Vidare har me innbuforsikring i Fleirbrukshallen, Servicebygget og nye klubbhuset på kr 1,0 mill på kvar stad.

#### **Medlemspengar**

Laget tok i bruk [www.minidrett.no](http://www.minidrett.no) som er medlemsløyising til NIF.

Ein del opplæring har me fått av Idrettskrinsen.

Faktura går ut på mail og SMS og e-faktura, noko som kan synast forvirrande i starten.

**Den enkelte skal sjølv sagt kun betale ein-1-gong.**

270 medlemmar betalte i 2023, noko styret meiner er for få betalande i høve til aktive i laget. Stikkprøvar for enkelte grupper syner at 30-40% av aktive ikkje har betalt, eller ikkje er registrert som medlem i det heile.

Gruppene har eit ansvar for å minne aktive utøvarar på at dei må vere medlem i laget.

### **Treningavgift**

Gruppene bestemmer sjølv treningsavgift, og må stå i forhold til gruppa sine utgifter. Ei gruppe har ikkje treningsavgift.

### **Overføring frå hovudstyret til gruppene 2023**

Overføring til gruppene vart auka til 250.000 på årsmøtet i år, sidan aktiviteten tok seg oppatt.

### **Avtale med Sameiga om deling av felles driftsutgifter**

Det føreligg avtale mellom LIL og Lærdal skytehus sameige om felles driftsutgifter for V/A, golvvarme, husforsikring mv.

Det er oppretta eigen bankkonto for varmpumpa i balansen, som pr 31.12.2023 har saldo kr 60 488,- Partane i Sameiga har lesetilgang til denne kontoen.

LIL og Sameiga betaler likt inn på denne kontoen for å bygge opp eigenkapital for framtidig skifte/rep av varmpumpa.

### **Bilagshandtering**

Det er framleis behov for opplæring i korleis dokumentasjonen skal vere, samt innlevering av bilag.

Økonomiservice fakturerer på timebasis, så det er kostnadsbesparande å levere bilaga sortert etter bankkontoutdrag.

### ***Innlevering av bilag skal skje innan 1.september og straks på nyåret.***

Det er forventning om at innan **ca 20.januar** er alt innlevert til Økonomiservice.

Det har vore arrangert kurs for kasserarane i gruppene, men frammøtet var variierende. Tilbudet om kurs står ved lag, men det enklaste er kanskje at den enkelte kasserer melder inn eige behov for opplæring.

### **VIPPS**

Dette er ein enkel betalingsmåte for kiosksal mv. Men det er to forhold som er viktig å ta med:

- Merk kva betalinga gjeld
- Kasserar må skrive ut rapporten frå VIPPS som bilag og dokumentasjon.

### **Brikker for tilgang til bygget**

Kvar brikke kostar ca kr 110,- og me bør få innatt brikker som ikkje er i bruk, for å gje dei til nye brukarar.

Ragnar Sanden adm tilgangen til bygget og utleverer brikker.

Lærdal, 27.februar 2024

Jarle Offerdal  
Kasserar i hovudstyret